

**Fra:** Lena Romtveit (lena.romtveit@villrein.no)

**Sendt:** 10.11.2014 16:54:11

**Til:** hm@fmsf.no; bjorn.bjornsen@tinn.kommune.no; 'Ellen Korvald'; Eva Katrine Ritland Taule; 'Even Knutsen'; 'Ivar Magne Brevik'; 'Jan Henning L Abèe-Lund'; 'Kjartan Askim'; 'Knut Nylend'; 'Lars Nesse'; lars.prestiin@ulvik.kommune.no; 'Olav H. Opedal '; olav.strand@nina.no; 'Pål Rosland'; 'Ragnar Ystanes'; 'Siri Wølneberg Bøthun'; 'Svein Erik Lund'

**Kopi:** marianne.singsaas@villrein.no; Vemund Jaren; Kari Bjørneraas

**Emne:** Møte i styringsgruppa i Hardangervidda/Nordfjella prosjektet

**Vedlegg:**

Hei alle!

Etter ein lengre periode med lite utoverretta verksemd i GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella, er det no på tide med ei lita orientering.

Arbeidet med sluttrapporten frå prosjektet går for fult, det same gjer oppsummeringa til Vegdirektoratet om overvakinga av villrein og Rv7. Olav og resten av NINA-gjengen er i skrivebobla, og mykje viktig og interessant kunnskap blir samanstilt i desse dagar!

Parallelt med dette pågjeng der også ei konseptvalsutgreiing for Rv7, i regi av Statens vegvesen, Vegdirektoratet.

I samband med dette skal det vera eit møte i slutten av november. Der ein vil kunne få signal om kor vidt vegdirektoratet ser for seg å halde fram med merking av rein på Hardangervidda, og overvaking av forholdet til Rv7 eller ikkje.

Vedr. møte:

- Det var tidlegare skissert at styringsgruppa skulle møtast før jol for å gå igjennom utkastet til rapport m.m. Sidan avklaringa frå Vegdirektoratet om vidare løyvingar til merking ikkje kjem før i slutten av november, føreslår prosjektleiinga å utsette eit møte i styringsgruppa til over nyttår. Tida fram til jol kan då heller nyttast til ytterlegare ferdigstilling av rapport frå prosjektet. I desember skal også NINA gå vidare med nokre mindre prosjekt på Hardangervidda, med utspring i Handlingsprogrammet til Regional plan. For å få med ei orientering frå desse på styringsgruppemøtet, bør også møtet helst haldast på nyåret. Prosjektleiinga føreslår å rette seg mot månadsskiftet januar/februar, evt dei to fyrste vekene i februar. Innkalling kjem i desember.

Vedr. årsrapportering:

- Årsmelding frå prosjektet blir gjennomført som vanleg, og vil bli sendt ut til styringsgruppa i januar/februar.

Økonomi:

- Det vil ikkje bli søkt om meir midlar til dette prosjektet i denne perioden. Resterande midlar går no til analyse- og skrivearbeid.

I mellomtida ynskjer prosjektleiinga ein god førjolsvinter!

Beste helsing

Lena Romtveit  
Norsk Villreinsenter Sør  
Skinnarbu  
3660 Rjukan  
(mob. 415 15 616)